

Samarbeidsavtale - berekraftig anleggsutvikling 2021-2024

mellom

Vestland idrettskrets

og

Vestland fylkeskommune

1. Innleiing

Vestland fylkeskommune og Vestland idrettskrets vil i avtaleperioden samarbeide og samhandle for å saman bli ein sterk regional utviklingsaktør i høve nybygg, rehabilitering, bygging og drift av idrettsanlegg i Vestland. Begge partane i denne avtalen vil arbeide for å implementere avtaleinnhaldet i planar der det er relevant i avtaleperioden. Partane vil gjere nødvendige tilpassingar i forhold til nasjonale og internasjonale retningslinjer.

2. Mål og innsatsområde

Avtalepartane legg FN sine berekraftmål som eit grunnlag for samarbeidet der målet er å bidra til at desse i sterk grad vert lagt til grunn og implementert i det strategiske arbeidet på utvikling, bygging og drift av idrettsanlegg i Vestland. Avtalen omhandlar innsatsområde og fellestiltak der målet er å saman bidra for å heve kompetansen på områda gjennom felles tiltak og møteplassar mellom idretten sine organisasjonsledd, kommunar og fylkeskommunen. Gjennom dette arbeidet og tiltaka er målet å få ei meir berekraftig anleggsutvikling i avtaleperioden.

Innsatsområde:

- Bidra til kompetanseheving og rådgjeving for å få ei meir berekraftig utvikling ved bygging, rehabilitering og drift av idrettsanlegg og aktivitetsflater basert på forskrifter fastsett av myndigheitene.
- Bidra til kompetanseheving og god rådgjeving for å få ein meir berekraftig energibruk ved bygging, rehabilitering og drift av idrettsanlegg.
- Bidra til kompetanseheving for anleggseigarar for å utvikle anlegg som ivaretek fornuftig bruk av lys som er i tråd med berekraftsmåla spesielt retta mot lysforureining.
- Bidra til, og legge til rette for ulike forskings- og utviklingsprosjekt knytt til berekraftig anleggsutvikling.
- Bidra til å utvikle nyskapande aktivitetsanlegg ved skular og eksisterande idrettsanlegg.
- Bidra til kompetanseheving for arrangørar med mål om å skape meir berekraftige idrettsarrangement.

Tiltak:

- Arrangere årlege anleggskonferansar, webinar og temamøte med innhald knytt til berekraft og anleggsutvikling.
Målgruppe: kommunar, idrettsråd, idrettslag og særkretsar/regionar i idretten.
- Arrangere studieturar for å hente inspirasjon til ei meir berekraftig anleggsutvikling. Målgruppe: kommunar, idrettsråd særkretsar/regionar.
- Setje opp fagtema på innsatsområda på Vestland idrettskrets sine innarbeidde årlege arrangement som Idrettens møteplass og dialogmøte.
Målgruppe: særkretsar/regionar og idrettsråd.
- Vestland idrettskrets skal saman med Vestland fylkeskommune bidra på revisjonsmøte med kommunane og idretten ved rullering av kommunale planar for idrettsanlegg.
- Vurdere å etablere samarbeid med SIAT og/eller andre FOU-miljø med mål om å utvikle meir berekraftige idrettsanlegg.

3. Organisering av samarbeidet

Vestland fylkeskommune og Vestland idrettskrets skal ha fellesmøte før 10. desember kvart år der ein evaluerer tiltaka i året som har gått og lagar plan/årshjul for aktivitetar og tiltak knytt til oppfølging av avtalen for det kommande året.

4. Varigheit

Samarbeidet gjeld frå (**signeringsdato**) og vil gjelde i prosjektperioden til 31. desember 2024.

5. Økonomi

Partane i avtalen stiller nødvendige administrative og økonomiske ressursar til rådvelde for oppfylling av avtalen.

6. Oppseiing

Ved vesentleg misleghald kan begge partar skriftleg seie opp avtalen med umiddelbar verknad. Før avtalen vert heva, skal det gjennomførast drøftingsmøte.

Underskrifter:

Dato:

.....
Stian Davies

Vestland fylkeskommune

.....
Nils R. Sandal

Vestland idrettskrets